

BOKN KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: Tysdag 22. mai 2018
Tid: kl. 17.00
Sted: Møterom 1. etasje, Boknatun

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert/innkalla til å orientere i sak 7/18 og 9/18.

Saksliste:

- 6/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 28.02.18**
- 7/18 Personvernlova og konsekvensar for kommunen med ny GDPR-forordning**
- 8/18 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon - « Sjukefråver i skule og barnehage»**
- 9/18 Årsrekneskapen 2017 for Bokn kommune – kontrollutvalet sin uttale**
- 10/18 Selskapskontroll – rapport - Karmsund Havn IKS**
- 11/18 Referat – og orienteringssaker 22.05.18**

Eventuelt

Aksdal, 15.05.18

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/kalla inn i sak 7/18 og 9/18)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.05.18	6/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 28.02.18

Vedlegg: Protokoll frå møtet 28.02.18

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 28.02.18 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 28.02.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 15.05.18

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **28. februar 2018** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 18.10
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Jørn Hansen (Uavhengig) varamedlem Tom-Inge Aksdal (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Ingen fra Deloitte AS (etter avtale)
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Tormod Vågå (Sp) Rådmann Jan Erik Nygaard
MERKNADER TIL INNKALLING:	Saksdokumenta var ikkje til å opne i Dropbox, men var lest via e-post og kommunen si nettside.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 18.10.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 18.10.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 28.02.18:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.02.18:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 18.10.17 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/18 DELTAKING I SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunar og tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigardel.

Handsaming i kontrollutvalet 28.02.18:

Sekretær opplyste at dei andre kontrollutvala hadde no slutta seg til Karmøy sin invitasjon. Vatnaland hadde spørsmål om selskapet sin samansetting av representantskap og styre. Rådmannen opplyste at det er ordførarane no som er representantskapet, og styremedlemmane er valt meir ut frå profesjon og kompetanse. Han framheva ordførar og varaordførar sin kompetanse innan dette feltet. Ny hamnelov vil bli sendt ut på høyring etter at hamnelovutvalet har lagt fram sitt framlegg i mars. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.02.18:

Bokn kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunar og tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigardel.

SAK 3/18 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2018

Sekretariatet si innstilling:

1. Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet til neste møte.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svare skriftleg på spørsmåla som går fram i saksframlegg i sak 3/18 når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret sendast til sekretariatet innan 10.05.18. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å kome i møtet 22.05.18 for å orientere munnleg om saka.

Handsaming i kontrollutvalet 28.02.18:

Sekretær opplyste at forvaltningsrevisor kunne kontaktast på mobil, dersom det var trong for avklaring eller hjelp. Utvalet gav uttrykk for at dei følte at førre prosjekt ikkje hadde hatt stor nytteverdi. Rådmannen var samd i at det hadde hatt liten læringseffekt, og han ønskte seg eit meir nyttig prosjekt denne gongen.

Utvalet drøfta dei prioriterte prosjekta i planen, og meinte «skulemiljø og mobbing» var eit viktig område. Rådmannen viste til at det ikkje var lenge sidan dette hadde vore sjekka, og kommunestyret var blitt orientert. Temaet blei kontinuerleg følgt opp, særleg etter ny presisering i grunnskolelova om skolen sitt ansvar for det psykososiale læremiljøet. Utvalet valte å droppe nr 2, da det omfatta svært få innbyggjarar.

Rådmannen uttrykte uro for det høge fråveret av fast personale ved skulen og barnehagen, og mykje bruk av vikarar som ikkje var førebudde og/eller faglærde siste tida. Utvalet var samd i at dette kunne vere eit godt prosjekt å sjå nærare på. Sekretær opplyste at fleire kommunar hadde hatt sjukefråver som prosjekt.

Utvalet ønskte at revisor skulle spisse det til skule og barnehage, då utvalet berre hadde lagt inn 70 timar til forvaltningsrevisjon. Det blei vist til at prosjektet står blant dei uprioriterte i planen og utvalet er delegert mynde til å rokere eller eventuelt fråvike vedteken plan. Rådmannen orienterte at kontrollutvalet sitt budsjett ville bli lagt inn ved fyrste tertialrapport for 2018, då administrasjonen ved ein feil hadde redusert framlegget under budsjett-handsaminga.

Utvalet støtta også sekretariatet sitt framlegg om å få ei tilbakemelding om rådmannen sitt arbeid knytte opp mot ny personvernlov.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.02.18:

- 1. Bogn kontrollutval ber Deloitte AS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Sjukefråver innan skule og barnehage» til neste møte.*
- 2. Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svare skriftleg på spørsmåla som går fram i saksframlegg i sak 3/18 når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov.*

Det skriftlege svaret sendast til sekretariatet innan 10.05.18. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å kome i møtet 22.05.18 for å orientere munnleg om saka.

SAK 4/18 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2017

Sekretariatet si innstilling:

Bogn kontrollutval godkjenner årsmelding for 2017 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Bogn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2017 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 28.02.18:

Utkastet blei gjennomgått og utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.02.18:

Bogn kontrollutval godkjenner årsmelding for 2017.

Samrøystes innstilling til kommunestyret 28.02.18:

Bogn kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2017 til orientering.

SAK 5/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.02.18

1. Statusrapport pr. februar 2018
2. Komm.styrevedtak 07.11.17, sak 48 – Forvaltningsrevisjon «Plan, byggesak og eigedom»
3. Teneste 1100 Kontroll og revisjon – rekneskap 2017 og budsjett 2018

4. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
5. Kontrollrapport 2017 vedk. skatteoppkrevjaren for Bokn kommune
6. Fylkesmannen i Rogaland – Informasjon om statleg tilsyn med kommunane i 2018
7. Rapport/evaluering frå Kontrollutvalskonferansen 07.- 08.02.18 på Gardermoen
8. Protokoll frå representantskapsmøte Haugaland Vekst IKS 15.12.17
9. Protokoll frå representantskapsmøte i HIM IKS 15.12.17
10. Invitasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn – fagkonferanse 29.-30.05.18 på Gardermoen

Handsaming i kontrollutvalet 28.02.18:

Sekretær gjorde greie referatsakene. Utvalet reagerte på det låge talet på arbeidsgjevarar i kommunen. Sekretær lova å sjekka det. Talet er rett med 26 arbeidsgjevarar og 428 arbeidstakarar pr. 31.12.17. På gardane er avløysarane som oftast registrert i Haugaland Avløysarlag med hovudsete i Ølen.

Rådmannen kom igjen tilbake til ei budsjettregulering for teneste 1100 Kontroll og revisjon, slik at budsjettet blir i samsvar med utvalet sitt framlegg. Han opplyste også at fylkesmannen har varsla beredskapstilsyn seinare i vår, og dei har avtalt førebuingssmøte saman med Tysvær kommune.

Utvalsleiar fortalde frå konferansen. Han syntes det hadde vore svært interessante, og nemnte spesielt digitalisering av kommune-Norge, personopplysningslova og forfattar Haakaas om boka «Kriminelle bygger Norge» som aktuelle tema.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.02.18:

Referatsakene 1- 10 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til tysdag **22. mai** kl. 17.00. Årsrekneskap og revisor si revisjonsmelding vil bli lagt fram med framlegg til uttale. Revisor sitt framlegg til prosjektmandat til nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt vil også bli lagt fram.

Bokn, 28. februar 2018

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	22.05.18	7/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PERSONVERNLOVA – KONSEKVENSA FOR KOMMUNEN

Bakgrunn:

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), er varsla å tre i kraft for alle medlemsstatar i EU, også for Norge i løpet av 2018. Dette vil medføre ei rekkje endringar i norsk personvernlovgjeving. Datatilsynet har laga ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglene kan bety for verksemda. Meir informasjon finn ein på denne lenka: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Saksorientering:

Sekretariatet har delteke på konferansar/samlingar om personvernlova, og har i den samanheng fanga opp ein del problemstillingar som det kan vere fornuftig at kontrollutvalet tek opp med rådmannen. Dette for å forsikre seg om at kommunen er i gang med naudsyste tilpassingar. På bakgrunn av dette blei det til møtet 28.02.18, sak 3/18 rådd til at kontrollutvalet bad om svar på nokre spørsmål. Utvalet vedtok følgjande:

Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svare skriftleg på spørsmåla som går fram i saksframlegg i sak 3/18 når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret sendast til sekretariatet innan 10.05.18. I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å kome i møtet 22.05.18 for å orientere munnleg om saka.

Spørsmåla var/er følgjande:

1. *Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?*
2. *Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?*
3. *Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?*
4. *Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?*
5. *Er personvernerklæringa oppdatert?*
6. *Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?*
7. *Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?*

Svara følgjer som vedlegg 1 og Datatilsynet si punktliste som vedlegg 2. I tillegg vil rådmannen, saman med Stein Magnar Askeland-Gjerde og Gro Sørensen, komme i møtet for å orientere munnleg om saka.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval tar rådmannen si tilbakemelding og utgreiing om kommunen sitt arbeid knytt til personvernlova til orientering.

Aksdal, 09..05.18

Toril Hallsjø *Utvalssekretær*



Bokn kontrollutval v/Toril Hallsjø

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS
Mottatt dato: 08.05.18
Journalført: 18/152144
Arkivkode: 216

Vår ref.:
18/99-5/K1 - 065/JEN

Dykkar ref.:

Dato:
08.05.2018

Ny personvernlov - status for arbeidet i Bokn kommune

Vi syner til Kontrollutvalet sitt brev datert 06.03.2018 og svarer hermed som følgjande på kontrollutvalet sine spørsmål.

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?

Rådmannen har peika ut leiar i servicetorget Gro A. Sørensen og IT-sjef Stein Magnar Askeland-Gjerde til å jobba med ny personvernlov.

2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?

Protokoll over innsamling av personopplysningar i system som Bokn kommune har i bruk til sin tenesteproduksjon er sannsynlegvis klare onsdag 9. mai 2018 etter endt arbeidsdag. Denne dagen er satt av til «workshop» for alle behandlingsansvarlege til kartlegging av personopplysningar ved hjelp av eit system som er tatt i bruk til formålet. Denne dagen vil vi jobba oss gjennom kvart enkelt system saman med dataansvarlege og databehandlarar for systema og få kartlegginga på plass.

3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?

Arbeidet med å få på plass oppdaterte databehandlaravtaler pågår for fullt. Kartlegginga av systema som skjer onsdag 9. mai 2018 vil avdekka om det manglar databehandlaravtaler på nokre av systema, og aksjon vil bli tatt dersom slik mangel blir avdekka.

4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?

Per i dag er det ikkje oppretta personvernombod. Det er Rådmannen sitt ansvar å få på plass denne funksjonen i kommunen og det blir arbeida med saka.

5. Er personvernerklæringa oppdatert?

Personvernerklæring for Bokn kommune er under arbeid. Denne vil bli klar innan utgangen av mai 2018 og vil bli lagt ut på kommunen sine nettsider sannsynlegvis med lenke til meir spesifikke personvernerklæringar for kvar enkelt tenestoområde i kommunen.

6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?

Kommunen sine datasystem har til hensikt å ikkje samle inn meir informasjon enn det som til ei kvar tid er naudsynt for å kunne utføre eller tilby tenester. I kritiske system som behandlar sensitive personopplysningar har ein gjort vurderingar saman med leverandør som så langt råd er sikrar at det ikkje blir lagra eller eksponert personopplysningar med mindre dette er heilt nødvendig for identifikasjon. Kommunen brukar m.a. kodesystem for å identifisere brukarar, ikkje fødselsnummer.

I konkrete system som avleverer informasjon til utlandet, EU- området, har ein førebels valt å ikkje bruke fødsels- eller personnummer til å identifiser tilsette eller elevar, kun unike brukarnamn.

Alle kommunale IT- system har tilgangsstyring basert på tenestemessig behov. Alle tilsette har individuell brukaridentitet slik at endringar i systema blir loggført. Dette gjeld mellom anna for pasientjournalar, skuleadministrative system og sakshandsaming.

7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

Bokn kommune brukar ekstern konsulent for revisjon av nettverks- og systemtryggleik kvart halvår. Kommune har også intelligent brannmurteknologi som overvakar nettverket. I tillegg er kommunen medlem av HelseCert¹. HelseCert utfører inntrengingstesting mot kommunen sine nettverk og avleverer rapport med avvik og ev framlegg til tiltak. Utifrå ei risikovurdering gjer kommunen tiltak med ein gong dersom avvika er av medium eller høg karakter.

Utover dette har ikkje kommunen vurdert ytterlegare tiltak for systemtesting.

Med helsing

for
Jan Erik Nygaard
rådmann

Stein Magnar Askeland-Gjerde og Gro A. Sørensen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.05.18	8/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «SJUKEFRÅVER INNAN SKULE OG BARNEHAGE»

Vedlegg: Deloitte: Utkast til prosjektplan- «Sjukefravær i skule og barnehage»
(vedlegg med timebudsjett er ikkje off., Offl § 13/Forv.§ 13)

Saksorientering:

I møtet 28.02.18, sak 3/18 bad kontrollutvalet Deloitte As om å leggje fram utkast til prosjektmandat innanfor temaet «Sjukefråver innan skule og barnehage» til neste møte. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 14.05.18.

Bakgrunn

Temaet blei valt på bakgrunn av innspel frå rådmannen. Temaet er tatt inn i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som vart vedteken i kommunestyret 15.11.16, sak 58/16 blant dei uprioriterte prosjekta. Kommunestyret gav i same møtet kontrollutvalet mynde til å endre planen ved behov.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektplan at føremålet med prosjektet er å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefraværet innan skule og barnehage og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. *Har kommunen utarbeidd tydelege mål og tilhøyrande overordna tiltak knytt til sjukefråværsarbeidet i skule og barnehage?*
2. *I kva grad når Bokn kommune dei måla som er sett knytt til sjukefråvær innanfor skule og barnehage?*
3. *Har kommunen tilstrekkeleg god oversikt over sjukefråvær og årsakar til sjukefråvær i skule og barnehage?*
4. *I kva grad sikrar kommunen at tilsette innanfor skule og barnehage som er sjukemeldte blir følgd opp i samsvar med regelverket og eigne rutinar?*

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 76 timar. Det inkluderar førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

Timetalet er litt i overkant av det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2018, men bør kunne akseptrast.

Revisjonskriteria knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i kapittel 2 i planen. Dei metodaer som vil bli nytta vil vere dokumentanalyse, intervju, gjennomgang av statistikk, verifisering og høyring. Dette er det skrevet meir om i kapittel 3.

Når det gjeld aktivitetsplan/timebudsjett har Deloitte bede om at den ikkje vert gjort offentleg. Det syner selskapet si disponering av ressurar og dei meiner dette er informasjon som dei av konkurranseomsyn vil halde hemmeleg. Sekretariatet har teke ut dette vedlegget, med heimel i Off.lov § 13/ Forv.lov § 13, og legg den berre fram i møtet.

Deloitte skriv at oppstart vil vere i juni og rapporten vil vere klar for oversending innan utgangen av oktober 2018.

Utvalet har sitt fyrste møte i haust den 5. september og det neste møte 7. november. Rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret 17. desember.

Kontrollvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei framsatte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med dette prosjektet eller om utvalet vil endre prosjekt som følgje av endra forhold sidan analyse og plan blei utarbeida.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:


Bokn kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjukefråver innan skule og barnehage i Bokn kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

Ramma vert sett til 76 timar.

Aksdal, 14.05.18

Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Bokn kommune **Sjukefråvær i skule og barnehage** Prosjektplan/engagement letter

Mai 2018

Innhald

1. Føremål og problemstillingar	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Føremål og problemstillingar	4
2. Revisjonskriterium	5
2.1 Innleiing	5
2.2 Krav i lov og forskrift	5
2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak	7
3. Metode	8
3.1 Dokumentanalyse	8
3.2 Intervju	8
3.3 Gjennomgang av statistikk	8
3.4 Verifisering og høyring	8
4. Tid og ressursbruk	9
4.1 Nøkkelpersonell	9
4.2 Ressursbruk	9
4.3 Gjennomføringsplan	9

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet 28.02.2018, i sak 3/18 utarbeidd prosjektplan for forvaltningsrevisjon av sjukefråvær innanfor skule og barnehage i Bokn kommune.

Bokn kommune er ei IA-bedrift og har dermed forplikta seg til å arbeide systematisk for å nå måla i avtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. Dette inkluderer å førebyggje sjukefråvær, auke fokuset på jobbnærværet og hindre utstøying frå arbeidslivet.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke korleis Bokn kommune arbeider med å redusere sjukefråværet innan skule og barnehage og om arbeidet blir utført i samsvar med regelverk, kommunale rutinar og inngåtte avtalar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. Har kommunen utarbeidd tydelege mål og tilhøyrande overordna tiltak knytt til sjukefråværsarbeidet i skule og barnehage?
2. I kva grad når Bokn kommune dei måla som er sett knytt til sjukefråvær innanfor skule og barnehage?
3. Har kommunen tilstrekkeleg god oversikt over sjukefråvær og årsakar til sjukefråvær i skule og barnehage?
4. I kva grad sikrar kommunen at tilsette innanfor skule og barnehage som er sjukemeldte blir følgt opp i samsvar med regelverket og egne rutinar?

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleidd av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymmande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Overordna oppfølging

Arbeidsgjevar har etter arbeidsmiljølova eit ansvar for å sikre at det er tatt omsyn til arbeidstakarane si helse, miljø og tryggleik, og for å sørge for at det blir utført systematisk helse, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) på alle plan i verksemda¹. Etter internkontrollforskrifta har arbeidsgjevar også eit ansvar for å sikre at verksemda sine aktiviteter blir planlagt, organisert, utført og halde ved like i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga². Det blir spesielt stilt krav til systematisk arbeid med oppfølging av sjukefråvær. Etter regelverket skal helse- miljø- og tryggleiksarbeidet omfatte det å sørge for systematisk arbeid med forebygging og oppfølging av sykefravær³. Både arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta peikar på at HMT-arbeidet skal utførast i samarbeid med arbeidstakarane og arbeidstakarane sine representantar.⁴

Vidare skal arbeidsgjever ifølge arbeidsmiljølova § 5-1 og folketrygdlova § 25-2 føre statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barn sin sjukdom. Arbeidsgjevar skal også føre statistikk over alle personskadar som oppstår under utføring av arbeid, samt sjukdom som ein antar er eit resultat av arbeidet eller forholda på arbeidsplassen. Fråvær i samband med barn sin sjukdom skal ikkje bli rekna som sjukefråværsdagar i statistikken⁵.

I Forskrift om føring av statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom (FOR 1997-03-25 nr. 272), § 2 står det vidare at:

«Formålet med føring av sykefraværstatistikk er å sette søkelyset på sykefraværet på arbeidsplassen. Sykefraværstatistikken skal bidra til at arbeidsgiveren og arbeidstakeren i samarbeid kan iverksette og evaluere tiltak for å redusere sykefraværet.»

I forskrifta § 6 står det også at:

«Sykefraværstatistikken skal for øvrig brukes på arbeidsplassen.»

2.2.2 Oppfølging av sjukmeldte arbeidstakarar

Arbeidsgjevar er etter arbeidsmiljølova § 3-1 mellom anna pålagt å sørge for oppfølging av sjukefråvær.

¹ Arbeidsmiljølova (§ 3-1)

² Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (§§ 3 og 4)

³ Arbeidstilsynet: Tilrettelegging og oppfølging av sykemeldte.

<http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=78249>

⁴ I ein kommentar til Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter § 4 annet ledd blir det vist til at dette både er ein rett og ei plikt som arbeidstakar har.

⁵ NAV: Veiledning for føring av statistikk over sykefravær og fravær ved barns sykdom. Dato 16.01.07. Versjon frå RTV sist endra januar 2002, korrigert versjon 15.02.2007.

Etter § 4-6 i arbeidsmiljølova skal arbeidsgjevar så langt det er mogleg sette i verk naudsynte tiltak for at ein arbeidstakar som har fått redusert arbeidsevne som følge av ulykke, sjukdom, slitasje o.l. skal kunne halde på eller få eit passende arbeid. Vidare går det fram at arbeidsgjevar i samråd med arbeidstakar seinast fire veker etter at arbeidstakar har blitt heilt eller delvis borte frå arbeidet, skal ha utarbeidd ein oppfølgingsplan for tilbakeføring til arbeid. Planen skal innehalde ei vurdering av den sjukmeldte sine arbeidsoppgåver og arbeidsevner. Planen skal også innehalde aktuelle tiltak i regi av arbeidsgjevar, aktuelle tiltak med bistand frå myndighetene og plan for vidare oppfølging. Arbeidsgjevar skal sende oppfølgingsplanen til sjukemeldar så snart den er utarbeidd, og til NAV.

Vidare går det fram av fjerde ledd i § 4-6 at arbeidsgjevar skal kalle inn arbeidstakar til eit dialogmøte om innhaldet i oppfølgingsplanen. Dette skal gjerast seinast innan sju veker, med mindre dette er openbart unødvendig. Bedriftshelsetenesta skal vere representert i møtet og sjukemeldar skal delta i møtet med mindre arbeidstakar ikkje ønskjer det eller det ikkje blir opplevd som hensiktsmessig. Arbeidsgjevar skal gi informasjon til NAV om oppfølgingsplan og dialogmøtet. Av NAV sin rettleiar «Slik følger du opp sykemeldte»⁶ går det vidare fram at oppfølgingsplanen skal oppdaterast i dette møtet.

Innan ni veker skal arbeidsgjevar sende oppfølgingsplanen til NAV, saman med rapporteringsskjema med informasjon om oppfølgingsarbeidet.

Dersom sjukemeldinga vedvarer skal NAV innkalle til eit dialogmøte 2 seinast innan 26 veker. Både arbeidstakar og arbeidsgjevar er pliktig til å delta, mens sjukemeldar og anna helsepersonell skal delta viss det er hensiktsmessig. Dersom arbeidstakar, arbeidsgjevar, sjukemeldar eller NAV meiner det er behov for det, skal dialogmøte 2 framskundast, og det er mogleg å be om eit dialogmøte 3. NAV skal følge opp med sanksjoner overfor dei som ikkje følgjer opp sitt ansvar i oppfølgingsarbeidet.

Oppfølgingspliktene gjeld uavhengig av om arbeidstakar er heilt eller delvis sjukmeldt.

Det går fram av rettleiaren frå NAV at det skal utarbeidast oppfølgingsplan og gjennomførast dialogmøte, med mindre det er openbart unødvendig. Slike unntak vil vere for eksempel dersom arbeidstakar mest sannsynlig vil komme tilbake utan tilrettelegging, eller dersom det kan slåast fast at vedkommande ikkje vil vere i stand til å komme tilbake i arbeid. Arbeidstilsynet viser også til at i dei tilfella ein arbeidstakar ikkje vil medverke, vil arbeidsgjevar bli rekna som fritatt frå plikta til å utarbeide ein oppfølgingsplan.

2.2.3 Intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen)

Bokn kommune er ei IA-bedrift. IA-avtalen sitt overordna føremål er

«Å bedre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærværet, forebygge og redusere sykefravær og hindre utstøting og frafall fra arbeidslivet.

Delmål 1

Reduksjon i sykefraværet med 20 pst. i forhold til nivået i andre kvartal 2001. Dette innebærer at sykefraværet på nasjonalt nivå ikke skal overstige 5,6 prosent.

Delmål 2

Hindre frafall og øke sysselsetting av personer med redusert funksjonsevne.

Delmål 3

Yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlenges med tolv måneder. Med dette menes en økning sammenlignet med 2009 i gjennomsnittlig periode med yrkesaktivitet (for personer over 50 år).

⁶ NAV: «Slik følger du opp sykemeldte».

<https://www.nav.no/no/Bedrift/Oppfolging/Sykmeldt+arbeidstaker/Relatert+informasjon/oppfolging-av-sykemeldte-arbeidstakere?kap=394783>

Partene understreker at de ulike delmålene må ses i sammenheng for å oppnå intensjon om et mer inkluderende arbeidsliv. Den enkelte IA-virksomhet skal på grunnlag av de tre delmålene i IA-avtalen fastsette egne mål for IA-arbeidet. Virksomheten skal så langt det er hensiktsmessig sette mål på alle tre delmål.»⁷

Som IA-verksemd forpliktar Bokn kommune som arbeidsgjevar og dei tilsette i kommunen seg til å samarbeide systematisk for å oppnå meir inkluderande arbeidsplassar. Som IA-bedrift får kommunen tilgang til fleire verkemiddel, mellom anna utvida bruk av eigenmelding. Til gjengjeld innebær dette at:

«• Partene i virksomheten forplikter seg til aktiv medvirkning i IA-arbeidet.

- Som ledd i HMS-arbeidet forplikter virksomheten seg til å fastsette og følge opp konkrete aktivitets- og resultatmål i sykefraværsarbeidet. Arbeidsgiver skal sørge for et godt og inkluderende arbeidsmiljø i samarbeid og i tett dialog med tillitsvalgte, verneombud og øvrige ansatte.

(...).»⁸

Det er utarbeidd ein eigen rettleiar til samarbeidsavtalen.

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium. Dette kan for eksempel dreie seg om kommunale planar, mål og retningslinjer for arbeid mot sjukefråvær.

⁷ IA-avtalen 2014-2018, s. 3.

⁸ IA-avtalen 2014-2018, s. 5.

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju leiarar med ansvar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær i kommunen. Vi tar sikte på å gjennomføre to til tre intervju.

3.3 Gjennomgang av statistikk

Revisjonen vil nytte tilgjengeleg statistikk frå kommunen for å seie noko om utvikling av sjukefråvær innan barnehage og skule i kommunen

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei som har blitt intervjuet for verifisering. Det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli brukt i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen si høyringsuttale vil bli lagt ved den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. Oppdragsteamet vil bestå av prosjektleiar Kari Gåsemyr (manager) og prosjektmedarbeidar Ingrid Kalsnes (seniorkonsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal gjennomførast vil det ta totalt 76 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetallet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetallet som er presentert over.


Se vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Prosjektet vil kunne startast opp i juni 2018 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av oktober 2018. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Bokn kommune og Deloitte.

Bergen, 14. mai 2018



Stein Ove Songstad
Oppdragsansvarleg partner

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	22.05.18	9/18
Formannskapet	05.06.18	
Kommunestyret	19.06.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

ÅRSREKNESKAPEN 2017 – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet
2. Rekneskapen 2017
3. Årsmelding 2017
4. Melding frå revisor, uttale til årsrekneskapen 2017 (ETTERSENDES)
5. Revisjonsrapport for årsrekneskapen 2017/rapport nr 6 (ETTERSENDES)

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følger Bokn kommune sin årsrekneskap for 2017 med noter og årsmelding for 2017 (separate hefter). Rekneskapen blei sendt over 11.05.18 og nye tal den 16.05.18.

Deloitte si revisjonsmelding og revisjonsrapport nr 6 for årsrekneskapen vil bli ettersendt eller lagt fram i møtet. Dei vil då vere vedlegg 4 og 5 i saka. Oppdragsansvarleg revisor vil vere til stades når utvalet handsamar årsrekneskapen.

Bakgrunn

Det går fram av forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 7 at kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamar årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsberetning (for kommunar og fylkeskommunar) står det følgjande i forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskriften § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i revisjonsrapport) blir fulgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Bokn kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2017 med notar, revisjonsmeldinga og rådmannen si årsmelding.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 5,4 mill. kr.

Avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skuldast at driftsinntektene auka 5 mill kr og driftsutgiftane auka 7 mill., frå 97,5 mill. kr i opphavsleg budsjett til 102,6 mill kr i rekneskap.

Netto driftsresultat er det same som brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. **Netto driftsresultat** for 2017 blei på 5,1 mill.kr. Det utgjer **5 %**.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som eit mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk beregningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør liggje på minst **1,75 %**. Kommunen sitt snittdriftsresultat for 2017 er dermed godt og godt øve TBU sitt tilrådde nivå.

Rekneskapstall for kommunane generelt viser også ein forbetring av driftsresultata frå året før. Betringa i driftsresultatet skyldast fyrst og fremst den gode skatteveksten i kommunesektoren. Netto driftsresultata varierte frå 30 % til minus 4 %. For Haugalandskommunane blei snittet 5 %, då med variasjon frå øve 8 % (Suldal og Tysvær) til 1,1 % (Sauda).

Årets resultat på 5 % for Bokn kommune er litt under resultatet i fjor (5,2 %), og altså likt snittet til kommunane på Haugalandet.

Rådmannen kommenterer situasjonen i sin årsmelding 2016 om drift og økonomi slik:

Kommuneøkonomien er eit viktig reiskap for å nå dei mål ein setter seg for utvikling av kommunen.

Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond. Rekneskapen for 2017 viser at nytt inntektssystem som blei innført frå 2017 gradvis reduserer rammetilskottet.

Dei siste åra har Bokn hatt ei dårlegare inntektsutvikling enn mange andre kommunar. Dette er i all hovudsak relatert til demografisk endringar og folketalsutviklinga. Låg folketalsutvikling betyr òg lågare inntekter frå gassbasert industri sidan denne inntekta blir fordelt mellom Tysvær og Bokn etter folketal. Den nye inntektssystemet forsterkar denne utviklinga.

Rekneskapen for 2017 viser eit samla mindreforbruk på kr. 5.665.524,-. Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.

Sum avsetjinger syner 5,4 mill. kr, mens bruk av avsetjingar er på 5,9 mill kr. Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 24,3 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter var finansieringsbehovet på 34,4 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig mindreforbruk (eit overskot) på kr 5,6 mill.**

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Det er krav om at rådmannen skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også vere med noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsmeldinga gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i meldinga. Kommunen har i år, som tidligare år, laga ei god og informativ årsmelding.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor

ønsker å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

Revisor si revisjonsmelding

Pr i dag ligg det ikkje føre revisjonsmelding, fordi administrasjonen ikkje har klart å halde seg til fastsette fristar prga sjukdom tidligare i vinter og dataproblem i det siste. Sekretariatet håpar på at det vil bli lagt fram såkalla »rein» melding, dvs utan atterhald eller presiseringar. Revisor vil då konkludere med at *”Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Bokn kommune per 31. desember 2017, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge”.*

Kva revisor vil eventuelt skrive i revisjonsrapport er forsatt uklart, men en rapport vil truleg bli lagt fram i møtet 22.05.18.

Rapporten, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet eventuelt må gjere etter forskrift § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på i rapporten. Sekretariatet vil gjere framlegg om at det blir gjort, men utvalet kan trekke dette punktet i møtet.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1). Det vil i møtet bli lagt fram ulike sett med ulike datoer til underskriving. Sekretariatet vil i år gjøre framlegg om at det vert tatt inn følgjande tillegg i utalen for å understreke alvoret for kommunen framover:

«Den økonomiske situasjonen for kommunen må likevel vurderast nøye framover da kommunen sin økonomi er sårbar når gjeld rammetilskot og innbyggjartal».

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orientering gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bokn vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2017 slik den ligg føre / med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

Aksdal, 16.05.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til
Bokn kommunestyre

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen for 2017

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 22.05.18, sak 9/18 handsama Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2017.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, dagsett .05.18, revisor si revisjonsrapport nr 6, 05.18 og rådmannen si årsmelding for 2017.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor og økonomisjef supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaming av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2017 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 5.665.524.

Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 5,6 mill. kr, som utgjer 5 % av driftsinntektene. Det er godt over teknisk berekningsutval sin tilrådte resultatmargin på 1,75%.

Den økonomiske situasjonen for kommunen må likevel vurderast nøye framover da kommunen sin økonomi er sårbar når gjeld rammetilskot og innbyggjartal.


Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2017 meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2017 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2017 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.17.

Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2017.

Bokn, 22. mai 2018

Lars Øyvind Alvestad
Leiar

Kopi: Formannskapet



REKNESKAP 2017

MED NOTER

FOR

BOKN KOMMUNE

Innhold

Økonomisk oversikt - drift.....	3
Økonomisk oversikt – investering.....	4
Anskaffelse og anvendelse av midler.....	5
Oversikt – balanse.....	6
Oversikt endring i arbeidskapital.....	7
Rekneskapsskjema 1A drift.....	8
Rekneskapsskjema 2A investering.....	9
Rekneskapsskjema 1B.....	10
Rekneskapsskjema 2B	11
Noter til rekneskapet 2016.....	12



Økonomisk oversikt - drift

1 Bokn kommune - 2018

16.05.2018

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukerbetalinger	3.364.412,90	2.976.000,00	2.976.000,00	3.251.952,50
Andre salgs- og leieinntekter	5.830.366,93	9.654.800,00	9.654.800,00	6.145.949,78
